



Advokatfirmaet Kyrre Ans  
Postboks 1826 Nordnes  
5816 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1320 - 18/26216

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

17.12.2018

## Ny frist for pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - GBNR 38/23 - Kyrkjesundvegen

Vi viser til pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt datert 14.7.2017. I vedtaket vart det stilt ein frist for tilbakeføring innan den 31.10.2017. Etter anmodning om utsett iverksetting av pålegget, frå Advokatfirmaet Kyrre ANS, journalført motteke 12.10.2017, valte Meland kommune å åutsette frist for tilbakeføring. I brevet frå kommunen, datert 20.10.2017, vart det lagt til grunn at ny frist for oppfylling ville bli fastsatt når klagesaka er endeleg avgjort.

Klagesaka vart endeleg avgjort av Utval for drift og utvikling i møte den 5.12.2017, i sak 98/2017.

På synfaring på eigedomen, den 6.11.2018, stilte tiltakshavar med ansvarleg søkjar Børge Moberg og advokatfullmektig Petter Bøe. Frå Meland kommune stilte Merethe Tvedt og Marianne Sandvik. I etterkant av møtet sendte Bøe eit brev til kommunen, datert den 30.11.2018. I brevet gjorde han greie for tiltakshavar sitt forslag for at tilbakeføring kan godkjennast av kommunen. I brevet står det blant anna følgjande:

*Tiltakshaver redegjorde under befaringen for planer om å flytte steinmasser langs sjøfronten noe lengre tilbake, slik at svaberget kommer noe mer frem i dagen. Det ble videre avtalt at tiltakshaver skulle utforme en skisse for hvordan utfyllingen mot sjøen kunne utformes*

Meland kommune svarte på brevet i e-post den 4.12.2018. I e-posten gjorde vi det klart at fjerning av mur og tilbakeføring av arealet som ikkje gjeld utfylling i sjø, kan godkjennast tilbakeført som vist til på synfaringa.

Meland kommune skal underrettast skriftleg når arbeidet er tilbakeført. I tillegg må det sendast inn biletedokumentasjon.

Ny frist for gjennomføring av pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt, datert 14.7.2017, med saknr. 206/2017, med dei endringar som følgjer av Utval for drift og utvikling sitt vedtak av 5.12.2017, saksnr.

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

98/2017, vert sett til **31.5.2019**. Tilbakeføring skal vere som avklart på synfaring og beskrive i brev frå advokatfullmektig Petter Bøe, datert 30.11.2018.

Utfylling i sjø krev søknad og løyve etter plan- og bygningslova kapittel 20, samt løyve frå Bergen og Omland Havnevesen. Ferdigstillelse av dette tiltaket vil følgje ferdigstillelse av fritidsbustaden.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Advokatfirmaet Kyrre Ans

Postboks 1826 5816  
Nordnes

BERGEN

borge@himohus.no

**Mottakere:**

Advokatfirmaet Kyrre Ans

Postboks 1826

5816

BERGEN

Nordnes

Per Harald Storli

Råtræet 17

5239

RÅDAL